

## NOTAT

Vedlegg: B-1

TIL: Lindås kommune, Byggjesak

### SAK: LINDÅS KOMMUNE – EINING FOR TEKNISK DRIFT ISDAL – OMLEGGING VASSLEIDNING. GNR. 185 BNR. 2,4,5. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN KNARVIK-ALVERSUND OG PLAN- OG BYGNINGSLOVEN.

På vegne av tiltakshavar søker vi med dette om dispensasjon for bygging i Landbruks-, natur- og friluftsområde i Kommunedelplanen Knarvik - Alversund.

Søker og om fritak for forbod mot tiltak langs vassdrag i Plan- og bygningslova (§1-8).

Lindås kommune – Eining for teknisk drift skal legge om hovudvassleidning i Isdal for å sikre vassforsyning til Meland kommune. Dagens røyrleidning er i dårleg stand med stor fare for brot på vassforsyning.

#### BESKRIVELSE AV TILTAKET

Tiltaket omfattar legging av ø280mm vassleidning mellom eksisterande leidningsnett ved trykkaukingsstasjon på eigedommen gnr/bnr. 185/4 (trase nord) og til vassverkskum på gnr/bnr. 185/2 (trase sør). Eksisterande vassleidning langs vegen Isdal vil bli kopla ut.

Definisjon av omfang:

1. 320m vassleidning i grøft, nord og sør for Isdalsvatnet
2. ca. 400m vassleidning gjennom Isdalsvatnet
3. Stikkledningar til eigendommar i området (gnr. 185 bnr. 19, 40, 41, 57, 67, 138 og 231). Til bnr. 19, 40 og 41 leggjast stikkledning gjennom dagens vassleidning
4. Ny vassverkskum (V1) i privat atkomstveg på gnr/bnr. 185/5
5. legging av felles privat pumpeleidning langs vassleidning for å mogleggjere sanering av private septiktankar med private kloakkpumper. Leidning knytast til eksisterande nett på gnr/bnr. 185/276, søraust for eigedommen gnr/bnr. 185/231

#### GRUNNGJEVNAD FOR SØKNADEN OM DISPENSASJON

Ny vassleidning inngår i Lindås kommune si plan for vassforsyning i Alver kommune. Leidning vil ha stor betydning for å sikra tilfredsstillende og stabil vassforsyning til eigendomar i Isdalstø og vidare til søraustre del av Meland kommune.

Dagens vassleidning er i ein slik tilstand og i eit røyrmateriale som sannsynlegvis vil føre til leidningsbrot og dermed stopp i vassforsyning mot Isdalstø. Vassleidning må oppretthaldast i heile anleggstida. Grunna leidningens tilstand må graving langs trase bli redusert til eit minimum for å hindre skadar. Ny leidning må difor leggjast i ny trase. Samstundes vil ny trase leggjast lengre frå Fv 57 Lindåsvegen som gjer mindre konflikt med framtidig vegutviding.

Trase for vassleidning er politisk vedtatt i Hovudplan for drikkevassforsyning 2014-2025 i Lindås kommune. Tiltaket har difor høg prioritet.

Leidning vil hovudsakleg bli lagt på botn i innsjø. Inngrep i strandsona og terreng vil haldast på eit minimumsnivå. Alle vassføringsveger vil bli oppretthaldt. Terreng blir tilbakeført slik at grasbakke for forproduksjon kan bli etablert over rørtrase. Tiltaket vil ikkje vere synleg etter anleggsslutt.

Vi meiner at bygging av ny hovudvassleidning vil gi store fordelar innbyggjarar i ny Alver kommune med trygg vassforsyning. Desse vil vere større enn dei ulempe som tiltaket førar til i areal avsett til LNF-område.

Vurdering av naturmangfold i anleggsområdet er gjennomført. Rapport konkluderer med ein liten til middels verdi for naturmangfold.

#### KONSEKVENSER

Inngrep i areal definert som LNF-område. Legging av vassleidning innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Kopi til:

Lindås kommune – Teknisk drift v/Atle Dingen  
Naboar til tiltaket